



## Nettverk av ressursjukepleiarar i kreftomsorg og lindrande behandling i Helse Førde føretaksområde

Nyhendebrev 18.06.2024

### Kjære ressursjukepleiar og leiar

Våren er ei positiv årstid, naturen vaknar opp frå vinterdvale og livet tek til å spire fram og blomstre opp. Dagane blir lysare og varmare og kanskje kjenner vi menneske på litt meir energi og håp også på denne tida. For oss helsepersonell kan sommaren by på både gleder og utfordringar, da ferietider kan være både hektiske og travle. Vi er avhengige av å få inn ferievikarar slik at pasientar og brukarar skal få den hjelp og omsorga dei treng. Ein får nye kollegaer, samt får ein lov å lære opp nye og ufaglærte som har lyst å bidra innan helse og omsorg. Tenk tilbake på korleis du blei møtt når du var heilt ny? Korleis kan vi møte desse slik at dei skal få ei god oppleving, og kanskje kan vi bidra til å så eit frø. Så eit frø til at desse blir nysgjerrige og ser gleda i å jobbe med menneske og kanskje ynskjer utdanne seg innan dette faget? Måten vi møter, er nysgjerrige på, og tek i mot både nyutdanna og vikarar kan ha svært mykje å seie for korleis nettopp denne sommaren blir. Kva rollemodell ynskjer du vere?



### Årleg fagdag 13.02.24

**Tema på årleg fagdag: Når livet snur i møte med alvorleg sjukdom  
«Kan håp og åndeleg omsorg gi styrke  
når livet blir vanskeleg?»**

Vi hadde ein kjekk og innhaldsrik dag med 132 påmeldte. God undervisning frå Inger Utne og Tove Giske. Gruppearbeid og gode refleksjonar.

Nokre ord til ettertanke etter fagdagen; som sjukepleiarar kan ein ikkje gje pasientane håp, men vårt nærvær og å stille spørsmål kan hjelpe pasienten å finne sitt eige håp.



Tips til spørsmål: «I det siste, kva har gjort deg håpefull? Akkurat no, kva gir deg håp? Kva håpar du på i framtida? Kva er viktig for deg?»

## Lokalgruppesamlingar våren 2024 Florø, Vik og Sandane

### Tema lokale nettverkssamlingar våren 2024:

Temaet var «Kva kan fysio- og ergoterapi bidra med i møte med pasientar som har kreft, og pasientar med behov for lindrande behandling»?

Undervisning var ved ergoterapeut Liv Marie Torbergsen og fysioterapeut Julie Løkkebø ved Førde sentralsjukehus.

Fysio- og ergoterapeutar frå kommunane var inviterte med på nettverksmøta for å få eit innblikk i ressursjukepleiarane sitt nettverksarbeid. Dette i håp om at fysio- og ergoterapeutar i Helse Førde foretaksområde skal få laga eit eige nettverk.



Det var varierende oppmøte på nettverkssamlingane av fysio- og ergoterapeutar.

Fysio- og ergoterapeutane blir også invitert inn på den digitale samlinga som Helse Fonna, Stavanger og Bergen har for fysio- og ergoterapeutar.

Totalt 66 av 94 ressursjukepleiarar møtte på våren sine nettverkssamlingar. Minner om at det er obligatorisk oppmøte på nettverkssamlingane og at ein må huske å melde frå til leiar i god tid om dato for samling.

### 01.10.2024 Introduksjonskurs:

7. mai 2024 var det planlagt introduksjonskurs for nye ressursjukepleiarar og leiarar i Førde ved Høgskulen på Vestlandet. Grunna for få påmeldte blei kurset avlyst og det blir planlagt for nytt introduksjonskurs 1. oktober 2024.

## Planar hausten 2024

### Nettverkssamlingar

**Tema for samlingane hausten 2024:** Neutropeni og handtering av cytostatika - undervisning v/Ellen Storevik.

Vi er no inne i siste år av gjeldande strategi for nettverket og vil utføre ein SWOT-analyse i arbeidet mot å lage ein ny strategi.



I dette arbeidet vil vi diskutere og svare på spørsmåla:

- Kva har fungert godt, og kva mindre godt?
- Kva har vore utfordringar?
- Kva har vore viktig, og kva har vist seg mindre/lite viktig? Kva bør det jobbast vidare med?
- Kva for mål er nådd, og kva for mål er ikkje nådd? Kvifor blei desse måla nådd / ikkje nådd?
- Kva har ressursjukepleiarane lært?

**Nettverksgruppe Sunnfjord og Kinn**

**Sunnfjord – 29.10.24**

**Nettverksgruppe Sogn**

**Sogndal – 15.10.24**

**Nettverksgruppe Nordfjord**

**Stryn – 22.10.24**

**Sett av dato og  
informert din  
leiar no. Hugs  
nettverksmøta  
er obligatoriske**

## «Stafett for livet» blir arrangert 31.08.-01.09.

Sjå nettside for meir informasjon. [Stafett for livet](#)

## Grunnkurs i palliasjon 05.11.24:

Blir arrangert på Førde sentralsjukehus. Dette er eit tilbod til nye ressurspersonar i nettverket som tidlegare ikkje har delteke på fagdag i grunnleggjande palliasjon. Det blir også eit tilbod til nye sjukepleiarar som møter palliative pasientar i primær- og spesialisthelsetenesta og ynskjer meir kunnskap om grunnleggjande palliasjon.

## Tips til godt fagstoff

Fagleg påfyll er alltid godt å få og kan gi motivasjon og inspirasjon vidare i vårt arbeid. Her kjem nokon tips frå oss i Kompetansesenter i lindrande behandling til nyttig fagstoff.

Sorgkurset «**Frå etterlatt til etterlevende**» er eit samarbeid mellom Kreftforeningen og Montebellosenteret. Dette kurset kan takast digitalt, og er eit sorgkurs for dei som har mista nokon dei er glad i. Målet er å gi støtte og verktøy for å utvikle ei djupare forståing av sorg, handtere sorgreaksjonar og finne ein meningsfull måte å takle den nye livssituasjonen på. Kurset inneheld filmar kor fagpersonar innan sorg og sorgbearbeiding deler av sin kunnskap og erfaring. Dette kurset er også fint å ta for helsepersonell. <https://kreftforeningen.no/tilbud/sorgkurs/>

### Film tips: «Ukjent landskap»

«Ukjent landskap» er ei nær historie som rører ved ansvaret vårt overfor jorda, barna våre og livsvalga våre. Filmen handlar om å miste det kjæraste ein har, og korleis ein kan finne tilbake til livet etter sorga.

**Film** som blei vist på årleg fagdag 2024 om Vivian Brosvik, kan du finne her dersom du ynskjer å sjå den eller vise den på din arbeidsstad. <https://mammaaahjul.blogg.no/en-rorende-film.html>



**Kompetansebroen:** Korte refleksjonsfilmar om viktige tema innan palliasjon. Tema som «kva er palliasjon?», «væske og ernæring i livets slutfase», «etikk» og «symptomkartlegging» med tilhøyrande refleksjonsspørsmål. [Kompetansebroen Hjelpepodden](#) er ein podcast fra Haraldsplass Diakonale Sjukehus om ordningar for pasientar og pårørande ved sjukdom.

## Nasjonale konferansar 2024

Nettsida til KLB vert oppdatert kontinuerleg og her vert det lagt ut aktuelle kurs og konferansar <https://helse-bergen.no/kompetansesenter-i-lindrande-behandling>

- Landskonferansen i palliasjon, 11.-13. september 2024, i Bergen

## Pallnet.no

Sjekk at ditt namn, namn på leiar, e-post, arbeidsstad og telefonnummer til deg og din leiar er rett på namnelista i [www.pallnet.no](http://www.pallnet.no)  
Hugs å sende rett namn, tittel, e-post og telefonnummer til deg og leiaren din til [Aud Myhre](#) ved KLB.

[Informasjon de treng, vert lagt ut kontinuerleg på nettverket si nettside](#)



Vi som driftar nettverket,  
vil ynskje deg  
ein strålande, flott sommar.  
Ta tid til kvile, ro,  
ettertanke og refleksjon.

Marthe & Camilla

